

## Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 08.06.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

#### Nåmdalselva kraftverk

1. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Nåmdalselva kraftverk.
2. Av omsyn til sjøaure og laks, biologisk mangfald, landskap og samla belastning for anadrom fisk i Modalsvassdraget rår Hordaland fylkeskommune til alt. C for kraftstasjon.
3. Av omsyn til anadrom fisk må omløpsventil installerast i kraftstasjonen, og anlegget må utformast slik at ein unngår gassovermetting. Dessutan må automatisk forbisleppingsventil vurderast.
4. Av omsyn til fossefall, vintererle og brunaure må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For vintererle må skogen langs elva haldast intakt. For fossefall må oppsetting av eigne reirkassar vurderast der trygge reirplassar forsvinn.
5. Det vert stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova. Registrering skal utførast i god tid før tiltak i marka vert sett i verk.
6. Vassføring i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikkje vert vesentleg redusert.

#### Tveråna kraftverk

7. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Tveråna kraftverk.
8. Av omsyn til landskap, kulturminne, friluftsliv og samla belastning for Hellandsdalen vil Hordaland fylkeskommune rå til alternativ utbygging slik utbyggjar har utgreidd med utbygging utan veg til øvre del av trykkrøyret og boring heilt opp til inntaket. Av same omsyn og omsyn til brunaure rår Hordaland fylkeskommune også til auka minstevassføring i Tveråna og Tveradalsfossen.
9. Det vert stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova. Registrering skal utførast i god tid før tiltak i marka vert sett i verk.
10. Vassføring i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikkje vert vesentleg redusert.

#### Budal II kraftverk

11. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Budal II kraftverk.
12. Av omsyn til oter, brunaure og fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring.
13. Der trygge reirplassar for fossefall forsvinn, må eigne reirkassar vurderast.
14. Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova.
15. Vassføringa i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikkje vert vesentleg redusert.

#### Kvernhusfossen kraftverk

16. Av omsyn til sårbart fjordlandskap av stor verdi, friluftsliv av stor verdi, reiseliv av stor verdi og samla belastning for landskap og friluftsliv i Modalen rår Hordaland frå utbygging av Kvernhusfossen kraftverk.

**Todeiselva kraftverk**

17. Av omsyn til gyte- og oppvekstområde for sjøaure og laks av stor verdi og samla belastning for anadrom fisk i Modalsvassdraget rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Todeiselva kraftverk.

**Seljedalselva kraftverk**

18. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Seljedalselva kraftverk.
19. Hordaland fylkeskommune rår til minstevassføring i Trollegilsbekken som tek omsyn til sårbare artar og viktige naturtypar i influensområdet til tiltaket.
20. Av omsyn til samla belastning for landskap og friluftsliv i Hellandsdalen rår Hordaland fylkeskommune til alternativ utbygging slik utbyggjar har utgreidd med utbygging utan veg til inntaket.
21. Av omsyn til samla belastning for landskap og friluftsliv i Hellandsdalen og brunaure og fossefall rår Hordaland fylkeskommune til auka minstevassføring i Seljedalselva og Seljedalsfossen.
22. Der trygge reirplassar for fossefall forsvinn, må eigne reirkassar vurderast.
23. Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova.
24. Vassføringa i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikkje vert vesentleg redusert.

**Bleidalselva kraftverk**

25. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Bleidalselva kraftverk.
26. Hordaland fylkeskommune rår til minstevassføring og minimale fysiske inngrep som tek omsyn til raudlistearten barlind og utvald naturtype hole eiker i influensområdet til tiltaket.
27. Av omsyn til samla belastning for landskap og friluftsliv i Hellandsdalen og brunaure og fossefall rår Hordaland fylkeskommune til auka minstevassføring i Bleidalselva og Bleidalsfossen.
28. Der trygge reirplassar for fossefall forsvinn, må eigne reirkassar vurderast.
29. Det vert stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova. Registrering skal utførast i god tid før tiltak i marka vert sett i verk.
30. Vassføring i elva bør oppretthaldast i så stor grad at opplevingsverdien av kulturlandskap langs elva ikkje vert vesentleg redusert.

**Almelidelva kraftverk**

31. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Almelidelva kraftverk.
32. Av omsyn til landskap, kulturminne og friluftsliv rår Hordaland fylkeskommune til alternativ veglaus utbygging slik det er presentert av tiltakshavar i søknaden og høgare minstevassføring i Almelidelva og fossen i tiltaket.
33. Av omsyn til hekkande fossefall og oter i influensområdet må NVE stilla krav om naudsynt minstevassføring og oppsetting av reirkassar for fossefall der potensielt trygge reirplassar forsvinn.
34. Av omsyn til kollisjonsrisiko for fugl rår Hordaland fylkeskommune til kabling av heile eller delar av 600 m lang hengekabel frå kraftstasjon over Moelva til tilknytingspunktet.

35. Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering jf. § 9 i kulturminnelova.